

# BACHELOROPPGÅVE

«Korleis spelar foreldrerolla og sosialisering inn på ungdom si deltaking i organisert idrett i Noreg?»

«Om fråfall og sosial ulikskap i norsk idrett»

«How does the parenting role and socialization influence the youth's participation in organized sports in Norway?»

«About dropout and social inequality in Norwegian sport»

**Sosiologi – Ungdomssosiologi SO590**

**Avdeling for samfunnsfag**

**07. juni 2020**

**Kandidatnummer 306**

**AV MALVIN GJERDE**

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

## Forord

Denne oppgåva er den avsluttande delen av ein bachelorgrad i ungdomssosiologi ved Høgskulen på Vestlandet. Oppgåva er skriven i perioden januar til starten av juni, 2020. Oppgåva omhandlar fråfall i organisert idrett blant ungdom i Noreg. Som engasjert og aktiv fotballentusiast har det vore spennande og givande å dukke ned i dette temaet. Det har gitt meg ein nyttig teoretisk ballast om foreldrerolla og sosialisering sin påverknad for ungdom si idrettsdeltaking, men også ei betre forståing for påverknaden dette kan ha for unge i møte med kvardagen. I forbindelse med denne oppgåva og studietida generelt er det fleire som fortene ein takk.

Eg vil rette ein spesiell takk til min rettleiar Lars Gjelstad ved Høgskulen på Vestlandet. Takk for hjelp til utforming av oppgåva, god konstruktiv kritikk og god rettleiing gjennom skriveprosessen. Eg vil også takke forelesarane på Høgskulen på Vestlandet som har bidratt med stor inspirasjon og eit mangfald av perspektiv. Vidare vil eg også takke medstudentar for alle diskusjonar og all moro i løpet av studietida.

Ein takk rettes også til familie og vener som har stilt opp med motiverande ord og korrekturlesing.

God lesing!

Malvin Gjerde

Mai, 2020, Sogndal.

## Samandrag

I Noreg er organisert idrett populært blant barn og unge med stor deltaking. Det skjer likevel noko når ein beveger seg frå barne- til ungdomsidrett, der vi har eit omfattande fråfallsproblem. Formålet med dette studiet er å sjå på ungdomens deltaking- og fråfallsmønster i organisert idrett, med utgangspunkt i foreldrerolla og sosialiseringssprossar si betydning. Dette skal kunne gi ei forståing for nokon av faktorane som er avgjerande for sviktande rekruttering og fråfall frå idretten, i tillegg til kvifor situasjon er som den er.

Studiet tar utgangspunkt i tidlegare forskning og har eit teoretisk og empirisk rammeverk som er relevant for å gi svar på oppgåva. Det er eit litteraturstudie, der pensum, forskning og rapportar som omhandlar tema om fråfall i idretten blir nytta.

For å gi svar på problemstillinga er sosialiseringssprossar er har nytta, jamaldersosialisering og foreldre, der ein kan definere det som dei signifikante andre. Det blir sett på både sosialisering til idrett og sosialisering gjennom idrett. Her er fellesskap, inkludering og ekskludering viktig nøkkelord. Foreldras rolle i ungdomsidretten er eit mindre belyst spørsmål i norsk samanheng. Hovudfokuset i oppgåva ligg på klassespesifikk oppdragning til barn og ungdom. Det vil seie foreldras oppdragsstil i forhold til deira ressursar, og derav deira posisjon i klassestrukturen. Dette er ein diskutert debatt i høve ungdoms idrettsdeltaking.

Ein konklusjon frå studiet er at både foreldrerolla og sosialisering har stor påverknad i fråfallet i organisert idrett. Som understøtta frå tidlegare forskning er det også tydelege sosiale forskjellar på kven som faller frå. Faktorar vedrørande økonomiske, sosiale og kulturelle ulikskapar hos foreldra har stor påverknad for fråfallet. Studiet viser at foreldras oppdragsstil påverkar både deltaking og fråfall blant ungdom.

## **Abstract**

In Norway, organized sports are popular among children and young people with a high level of participation. However, something happens when you move from child to youth sports, where there is a comprehensive dropout problem. The purpose of this study is to look at youth participation and dropout patterns in organized sports, based on the parenting role and socialization processes. This should provide an understanding of some of the factors that are crucial for low recruitment and dropout from the sport, as well as why the situation is as it is.

The study is based on previous research and has a theoretical and empirical framework that is relevant to answering the thesis. It is a literature study in which the syllabus, research and reports that deal and focus on the theme of dropout in sports are useful.

To answer the problem, socialization processes have been used as peer socialization and parenting, where one can define it as the significant other. Both socialization to sport and socialization through sport are considered. Community, inclusion and exclusion are important keywords. The role of parents in youth sports is a less elucidated question in the Norwegian context. The focus in this task is on class-specific upbringing of children and young people. That is, the parenting style of upbringing in relation to their resources, and hence their position in the class structure. This is a debated question in youth sports participation.

One conclusion from the study is that both the parent role and socialization have a major impact on the dropout in organized sports. As supported by previous research, there are also clear social differences in who the dropouts are. Factors relating to financial, social and cultural inequalities in parents have a major impact on youth dropout. The study shows that the parenting style affects both participation and dropout among the youth.

## **Innhald**

<b>Kapittel 1 – Introduksjon .....</b>	<b>7</b>
1.1 Disposisjon.....	7
1.2 Aktualisering av oppgåva .....	7
1.3 Problemstilling og avgrensing .....	8
1.4 Metodeval og kjeldekritikk .....	9
<b>Kapittel 2 - Om idrett, ungdom og ulikskap .....</b>	<b>10</b>
2.1 Idrett i Noreg .....	10
2.2 Ungdomstid.....	11
2.3 Ulikskap.....	12
<b>Kapittel 3 - Teoretiske perspektiv .....</b>	<b>13</b>
3.1 Pierre Bourdieu – ein introduksjon .....	13
3.1.1 Kapitalformar .....	13
3.1.2 Habitus.....	14
3.1.3 Det sosiale felt.....	14
3.2 Sosialisering .....	15
3.3 Foreldrerolla og oppdragsstil .....	16
3.4 Jamalderfelleskap .....	17
3.5 Integrering – Idrett som samfunnslim .....	19
3.6 Faktorar for fråfall .....	19
3.6.1 Kostnadar og profesjonalisering .....	20

3.6.2 Lokallag for aktivitet eller idrettsklubb .....	20
<b>Kapittel 4 – Drøfting .....</b>	<b>21</b>
4.1 Foreldrerolla.....	21
4.1.1 Betydinga av foreldre .....	21
4.2 Sosialisering og sosiale forskjellar .....	22
4.3 Betydinga av økonomisk, kulturell og sosial kapital .....	23
4.4 Betydinga av profesjonalisering.....	25
4.5 Betyding av ungdomstid og jamnaldersosialisering.....	26
<b>Kapittel 5 – Avslutning .....</b>	<b>28</b>
5.1 Forslag til vidare forskning.....	29
<b>Litteraturliste .....</b>	<b>30</b>

# **Kapittel 1 – Introduksjon**

## **1.1 Disposisjon**

Eg byrja denne bacheloroppgåva med å forklare bakgrunn for temaval, aktualisering av oppgåva, problemstilling og avgrensing. Eg legg så fram metoden eg nyttar. I neste del av oppgåva presentera eg, og definer relevante omgrep som idrett i Noreg, ungdom og ulikskap ut i frå eit sosiologisk syn. Deretter legg eg fram relevant teori, og kort vise til eksempel og undersøkingar som belyser teorien. I tredje del av oppgåva diskutera eg teorien meir utførleg, i lys av norske undersøkingar og empiriske studiar, som er relevant for å drøfte problemstillinga. Til slutt vil eg gjere meg opp ein konklusjon, med å vise til drøftinga.

## **1.2 Aktualisering av oppgåva**

Når eg tenker på idretten i Noreg, er det fyrst og fremst noko vakkert over det. Det er ein viktig sosialisering- og læringsarena, der menneske treffast og saman skapar fellesskapsfølelse, tilhøyre og vennskap. Personleg har eg alltid hatt eit stort hjarta for idrett. Eg har drive med mange ulike idrettar, men det er fotball som er min store lidenskap - og som framleis er ein stor del av min kvardag. Vi skil mellom organisert idrett, basert på tilliggjande retningslinjer frå Norges idrettsforbund, og uorganisert idrett. Norsk idrett handlar også om frivillig innsats frå titusenvis av foreldre, søsken og besteforeldre. Idretten har stor betydning for det norske samfunnet, og gir ein eigenverdi som er viktig for barn og unges oppvekst. Det er ein stor del av norsk ungdom som har deltatt i organisert idrett, derfor er det interessant å studere kva som skil dei som fell frå i ungdomsåra, mot dei som fortsette.

Ungdomstida er perioden mange vel å slutte i idrettslaga. Dette utfordrar den organiserte idretten i Noreg si målsetting om å holde flest mogleg, lengst mogleg. Norges idrettsforbund ser derfor på fråfall som ein av idrettens store utfordringar. For ein ungdomssosiolog er det interessant å forstå fråfallsproblematikken i lys av sosiale prosessar.

Å delta i fellesskap på tvers av sosiale forskjellar og kulturelle bakgrunnar, der idrett i botn handlar om samhandling, inkludering og integrering, er noko av det viktigaste i eit egalitært velferdssamfunn. Det er likevel ikkje slik at idretten er utelukka positivt. I likskap med dei fleste andre sosiale arenaer, er også idretten med på å skape eksklusjon, så vel som inklusjon. Eit overordna statleg idrettspolitisk mål er inkludering, der alle skal ha moglegheit til å delta i idrett og fysisk aktivitet. Den organiserte idretten er statens viktigaste verkemiddel for å realisera dette målet. Til trass for dette, er det ein paradoksal situasjon der idrettsdeltakingmønster er prega av sosiale skillelinje, der økonomi utgjer ein barriere. I dagens samfunn svir det godt i lommeboka å ha ungene sine med i organisert idrett. Det høge kostnadsnivået byrjar å bli eit paradoks i forhold til norsk idretts visjon om ein idrett for alle. Ekskludering eller utestenging frå denne fellesskapsarenaen kan potensielt danne ulikskap og føre til marginalisering. Fråfall kan vere eit komplekst problem for både den som sluttar, idrettsbevegelsen og samfunnet.

### **1.3 Problemstilling og avgrensing**

Eg har valt følgjande problemstilling for mi oppgåve:

*«Korleis spelar foreldrerolla og sosialisering inn på ungdom si deltaking i organisert idrett i Noreg?»*

Fokuset i denne oppgåva er fråfall i norsk idrett blant ungdom. Det er tidlegare gjort forskning på området om idrett, ungdom og fråfall. Grunnlaget eg har valt for oppgåva er boka «Ungdom og Idrett» (2016), satt saman av Seippel, Sisjord og Strandbu, som er ein antologi med bidrag frå fleire idretts- og ungdomsforskarar, og eit spesialnummer om idrett i Norsk sosiologiske tidsskrift (2017). Spesialnummeret er ein artikkel av Strandbu, Gulløy, Andersen, Seippel og Bergesen, som blant anna omhandlar ungdom, idrett og klasse, der undersøkinga ser på foreldredeltaking, kostnader og klasseforskjellar i samanheng med deltaking i norsk idrett. Strandbu, Gulløy, Andersen, Seippel og Bergesen tek føre seg dette i ein historisk og teoretisk samanheng.



Forskinga eg brukar er ein blanding av tidlegare idrett- og sosiologistudier. Det blir også nytta vitenskapelege artiklar når eg skal vise til dømer. For å ikkje gjere oppgåva for abstrakt, er det føreteke fleire avgrensingar. Eg vel å ha fokus på foreldrerolla og sosialisering si betydning for deltaking og fråfall, i norsk idrett blant ungdom. Eg skal ikkje fokusere på kjønn og trenarrolla. Eg vel også å ekskludere store delar av det historiske opphavet for idrettsdeltaking i Noreg, og heller avgrense oppgåva til notida. Vidare er oppgåva i stor grad avgrensa med to fokusområde. Det fyrste er foreldres klassespesifikke oppdragsstil, med bakgrunn i Bourdieu inspirert teori. Her er kulturelle aspektar, i form av foreldas ressursar og deira interesse for fysisk aktivitet, viktige faktorar for å forstå fråfall. Det andre er sosialiseringsprosessar, jamaldrande si betydning blant ungdom og ekskluderande sider ved organisert idrett i brei forstand.

## **1.4 Metodeval og kjeldekritikk**

Når ei bacheloroppgåve skal skrivast, er det nødvendig å nemne kva metodar som er brukt for å få ei fagleg forankring. «En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problemer og kan komme fram til kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Aubert, i Dalland, 2010, s. 83). I oppgåva har eg brukt ein kvalitativ litteraturstudie som metode. Sidan eg ikkje utførar ein eigen empirisk studie, må oppgåva løysast ut ifrå data som allereie er forska på. Eg har gjort ei systematisk gjennomgang av tidlegare forskning og litteratur, som er relevant for å avdekke mi problemstilling.

Empirien og datagrunnlaget i dei norske undersøkingane er basert på feltobservasjonar, kvalitative intervju, politiske dokument og spørjeundersøkingar. Resterande kjelder eg har brukt er frå forskjellige anerkjente databasar som bl.a. Idunn, Google Scholar, Nasjonalbiblioteket og Oria. Orda eg nytta i søka mine var baser på problemstillinga mi og inneheld ord som ungdom, idrettsdeltaking, fråfall, fellesskap, sosialisering, foreldre og inkludering. Teorien eg nytta kjem hovudsakeleg frå pensum i ungdomssosiologi. Viktige teoretikarar eg ser på for å belyse mi problemstilling er Pierre Bourdieu, Ivar Frønes, Zygmunt Bauman, Dianne Reay og Anette Lareau. Ein mogleg svakheit er at det kan finnes meir relevant litteratur, som eg ikkje har funne eller hatt tilgang til. Sjølv om oppgåva mi baserer seg på tidlegare forskning, håpar eg mitt arbeid kan bidra med ny forståing og tolking. Med samanheng i sentrale sosiologiske perspektiv, håpar eg å avdekke og bevisstgjere sider ved problemstillinga, som til dømes om ulike klassespesifikke oppdragsstilar til foreldre også er gjeldande i Noreg.

## Kapittel 2 - Om idrett, ungdom og ulikskap

### 2.1 Idrett i Noreg

Idrett er ein del av oss alle. I kvardagen bli vi i større eller mindre grad påverka av idretten, anten som deltakar, tilskodar eller støttespelar. Vi kan også vere ein del av dugnaden for å gjere idrettsarrangement mogleg, eller vi kan passivt bli underheldt gjennom fjernsynet. Idrett er ein del av norsk kultur og har fått ein plass i dei fleste institusjonar (Lesjø, 2008, s.21). I denne oppgåva skriv eg om den organiserte idretten, vel vitande om at dette berre er ein del av all idrett. Idretten vår er organisert gjennom Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, NIF, og er i dag den største frivillige organisasjonen i Noreg (Lesjø, 2008, s. 55). Innanfor organisert idrett kan vi vidare dele det inn kategoriane toppidrett, konkurranse idrett, mosjonsfokuserert idrett og barne - og ungdomsidrett. I kvar av desse bolkaner har NIF idrettspolitiske dokument med eigne aktivitetsmål for barneidrett, ungdomsidretten, vaksenidretten og toppidretten. «For ungdomsidretten er målet å utvikle og fornye aktivitetstilbud for ungdom, og sørge for at flere velger å være aktive innenfor organisert idrett» (Seippel, Sisjord & Strandbu, 2016, s. 16). Dette målet i ungdomsidretten er truleg ikkje så enkelt i praksis. Ofte forklarast dette med den sportslege ambisjonen, der konkurranse og prestasjonsideologien står sterkt (Seippel et al., 2016). Motsetninga mellom å bygge inkluderande fellesskap og den kultiverande konkurransen som er innebygd i idrettsfeltet, er eit spenningsforhold som er interessant og eit viktig sosiologisk synspunkt for å forstå kvifor ungdommen sluttar.

I Noreg er Idrettsorganisasjonen forankra med verdiar som idrettsglede, helse og fellesskap. Fyrst og fremst er man fysisk aktiv gjennom å delta i idretten, ein blir friskare, sterkare og meir utholdande. Dette er eit gode for fysisk og psykisk helse. Det kan i neste ledd føre til aukande skuleprestasjonar og betre sysselsetting og så vidare (Strandbu, Stefansen og smette, 2016, s. 125). Idrett gir trivsel og glede for den som deltar, som er eit gode for subjektivt velvære. Det tredje er at man gjennom å være aktiv i ein frivillig organisasjon, er med i eit sosialt miljø. Idretten fører til sosial integrasjon, som eg kjem tilbake til i neste kapittel. Idretten gir deg ein kompetanse som kan være god å ha i andre samanhengar, der ein byggjer det Bourdieu kallar sosial kapital. Organisasjonar, klubbar og lag er viktige arenaer for samvær med andre unge. Det gir andre erfaringar og læringsføresetnadar enn skulen. På sitt beste kan idrettsorganisasjonar gi ungdom moglegheit til å utvikle sine evner, der dei lærar å ta del i eit fellesskap, ytre eigne meninga og jobbe målretta (Fredheim, 2017).

Den overordna visjonen «idrett for alle» ønsker å nå ut til alle grupper. I den nyaste Ungdataundersøkinga seier 93 % av alle ungdomar som svarte at dei har deltatt i organiserte idrettsaktivitetar i løpet av oppveksten (Fredheim, 2017). Vi kan på den eine sida seie at NIF i alle høve lykkast med målet, med at dei appellera til mange unge. På den andre sida er det likevel tusenvis av unge som aldri har blitt rekruttert til eit idrettslag. På ungdomstrinnet er det rundt 60 % som er medlem i eit idrettslag, mens medlemstalet dalar til underkant av 30 % på slutten av vidaregåande (Seippel et al., 2016). Det kan vise at idrett ikkje lenger er for alle etter ungdomsåra. Eg ønsker i denne oppgåva å undersøke kva innverknad foreldrerolla og sosialiseringssprossar har for dette fråfallet i ungdomstida.

## 2.2 Ungdomstid

I boka Ungdom og idrett er ungdom definert som fasen mellom barn og voksen. Det er ein vanleg definisjon at ungdomsalderen byrjar i inngangen til tenåra, som også er starten på ungdomskulen (Seippel et al., 2016, s. 15). Det er meir opent om når perioden som ungdom sluttar. Ungdomstida er prega av store endringar, fyrst og fremst gjennom kroppsleg forandring, men også gjennom å finne sin identitet. Det er store forskjellar på om ein gjer ein studie av 13-15 åringar eller 17-19 åringar (Furlong, 2012). NIF definerer ungdom som aldersgruppa 13-25 år (Seippel et al., 2016, s. 15). Borurdieu skriv i boka Youth is just a Word (1993) at ingen kan forklare nøyaktig kvar grensa mellom barn og vaksen går. Eg ser i denne oppgåva ungdom som synonymt med tenåra. Eg vil i hovudsak ta for meg ungdom mellom 13-19, der fleirtalet er elevar på ungdomskule og vidaregåande.

I dagens samfunn har det blitt eit forventningspress blant ungdom, med å måtte levere på alle moglege plattformer. Det er ikkje utan grunn at ungdom i dag blir kalla for generasjon prestasjon (Bakken, Sletten og Eriksen, 2019). Det har blitt ein prestasjonskultur, der motbakkane blir bratte om ein ikkje følgjer straumen. Summen av det å levere på skulen, i idretten og sosiale media kan tenkast å bli for tøff for nokon, der det i lengda blir utmattande. Eit interessant spørsmål er om desse nye normene delvis kan forklare fråfallet i idretten, og om det også bidrar til å forsterke den sosiale ulikskapen knytt til deltaking i organisert idrett.

## 2.3 Ulikskap

Der er mange måtar å definera ulikskap på, og det finnes mange tolkingar av omgrepet. Sosial ulikskap er eit sentralt tema innan sosiologien, og forskinga på område er veldig omfattande. Politisk er dette også eit viktig tema. For at noko skal vere ulikt, må det ha ein konsekvens. Det refererast ofte i politiske samanhengar til ei ujamn fordeling av ressursar og godar i eit samfunn (Doksheim, 2019). I moderne samfunn slik som velferdsstaten Noreg, finnes det også grader av ulikskap.

Av omsyn til oppgåvas omfang er formane eg brukar av ulikskap knytt til foreldra si sosiale bakgrunn, og i stor grad vinkla mot deira ressursar og ulike kapitalar. Det er mange oppfatningar av omgrepet, og med bakgrunn i forskinga eg støtter meg på byrjar eg neste kapitel med å ta føre meg Bourdieu sine analytiske omgrep. Dette for å få ei djupare forklaring og betre forstå skilje mellom foreldres sosiale bakgrunn opp mot idrettsdeltaking.

## **Kapittel 3 - Teoretiske perspektiv**

### **3.1 Pierre Bourdieu – ein introduksjon**

Pierre Bourdieu (1930-2002) var ein fransk sosiolog og ein av dei fremste tenkarane på sitt fagområde. Bourdieu nytta seg av fleire analytiske omgrep som er naudsynt å ha med for denne oppgåva. Han skriv om betydinga av sosialisering, og korleis sosial klassesilhøyre påverkar oppveksten og formar individet (Aakvåg, 2008). Dei analytiske omgrepa som er sentrale i denne utgreiinga er kapitalformar, habitus, sosiale rom, sosiale felt og symbolsk makt.

#### **3.1.1 Kapitalformar**

Ei av dei mest sentrale omgrepa i Bourdieu's samfunnssyn er kapital, dette definerer han som knappe ressursar, noko det er konkurranse om blant individ og grupper i samfunnet (Aakvaag, 2008). Han presenterer tre hovudformar for kapital i sine analysar, det blir sett på som ein ressurs for å oppnå fordelar og makt i det sosiale livet. Dei er ulikt fordelt mellom individ og grupper i eit samfunn. Den fyrste hovudforma er økonomisk kapital, forstått som tilgang til pengar eller materiell rikdom.

Den andre er kulturell kapital, som er tilgang til legitim kunnskap, utdanning og kompetanse. Det består i å tileigna seg, og meistra, den dominerande kulturelle koden i samfunnet, som ein kan beherska i større eller mindre grad. Det gir fordelar som status, makt og tilgang til attraktive posisjonar, som kan gi større moglegheit for å deltaking i ulike felt (Aakvaag, 2008). Kulturell kapital blir skapt gjennom ein sosial overføring, fyrst og fremst gjennom den familien og nabolaget ein har vekse opp i (Aagre, 2014. s. 38).

Den tredje er sosial kapital, som er familierelasjonar, nettverk og forbindelsar (Aagre, 2014, s. 38). I denne oppgåva blir kapitalformene sentrale, ettersom dei i prinsippet er med på å forklare foreldra sine ulike ressursar og forutsetningar dette kan ha for barnas idrettsdeltaking. Det er også med på å belyse sosialisering, og forklare klassesilhøyre og habitus. Bourdieu operer med tre hovudklassar: Den dominerande klassa, middelklassen og arbeidarklassen (Aakvaag, 2008). For mi oppgåva er det forskjellane som utspela seg mellom arbeidarklassen og middelklassa som er interessante, i forhold til barnas idrettsdeltaking.

### **3.1.2 Habitus**

I Aakvag (2008. s. 160) er habitus definert som «et integrert system av varige og kroppsliggjorte disposisjoner som regulerer hvordan vi oppfatter, vurderer og handler i den fysiske og sosiale verden». Habitus er tett kopla til livsstil, sosial klasse og utdanningsnivå. Det er ein haldning og ein veremåte ein har med seg frå sitt oppvekstmiljø, men også kombinert med andre erfaringar og generell kunnskap ein har utvikla og bygd opp (Aagre, 2014. s. 38). Dei forskjellige samfunnsklassane har si eiga særeigne habitus, og det blir ofte assosiert med det mange forstår som den sosiale arven, og kan førast heilt tilbake til Aristoteles si tid (Østerberg, 2017. s.139). Fleire har vidareutvikla omgrepet, for Bourdieu definera han habitus meir som eit skjema for korleis folk oppfattar, forstår og handlar i forhold til verkelegheita i gitte situasjonar. Habitus er eit produkt av sosialiseringa vi har gjort oss i den tidlege fasen i livet, der åtferda vår blir forma. Vi kan seie det er knytt til bevisstheita og til kroppen, dermed forklarar Bourdieu dette som eit kroppsleggjort skjema (Bourdieu & Passeron, 1977. s. 33-35). På same måte kan det tenkast at barn som er oppvakse i ein familie, der trening og aktivitet er ein naturleg del av kvardagen, meistra sport og idrett betre enn barn som ikkje har ein fysisk aktiv kvardag, fordi dette inngår i barnas habitus. Habitus kjem ikkje til uttrykk før det blir satt i samanheng med felt og ein gitt situasjon (Bourdieu 2002).

### **3.1.3 Det sosiale felt**

I tillegg til kapital og habitus har Bourdieu (2002) eit tredje sentralt omgrep. Bourdieu sin teori om sosiale felt er naudsynt å ha med for å forstå dynamikken som førekjem innan idrettsfeltet. Det sosiale rom er samfunnet i sin heilheit, og består av ulike sosiale felt (Aakvåg, 2008). Desse felte er hierarkisk bygd opp. For å delta i idretten må man både ha ei interesse og eit anlegg for spelet. Innanfor dette feltet handlar det om å få stadfesting på sine ressursar, der det er maktkampar om å holde sin posisjon eller kjempe seg oppover i feltets hierarki (Bourdieu, 2002). For å kunne skape dette hierarkiet må det finnast eit motstykke. Skal nokon opphalde seg langt oppe i det sosiale rom, må andre opphalde seg nede (Aakvåg, 2008).

Maktforhold kvilar ofte på at det førekjem oss naturleg, der det ofte er uoppdaga. Slik misserkjent makt kalla Bourdieu for symbolsk vald. Maktteoriar er sentralt for Bourdieu, men i denne oppgåva vil det viktigaste vere fokus på inngangen til feltet, og kva verdiar og ressursar som kan vere av viktigheit for få innpass eller anerkjenning i eit felt. Oppsuma er ressursane eg presentera kapitalformane, og det som koplar habitus til feltet. Idrettsfeltet kan også delast inn i delfelt, som for eksempel fotball og handball. Sjølv om denne oppgåva tek føre seg organisert idrett i sin heilheit, er det viktig å få fram at ulike delfelt kan ha ein større posisjon og er vanskelegare å få innpass i. Til dømes kan nokon særiddrettar vere reservert for privilegerte samfunnslag, med sine dyre kostnader og stor plass. I motsetnad kan fleiriddrettar som er meir intime vere enklare å få innpass i (Strandbu, Gulløy, Andersen, Seippel, & Dalen, 2017).

### **3.2 Sosialisering**

Sosialisering er allment sett prosessar der menneske utvikla seg i samspel med omgjevnadane. Innan sosiologien er det måtar og prosessar der mennesket går frå biologisk- til samfunnsvesen (Østerberg, 2017. s. 92). Durkheim var antakeleg den første som brukte ordet i denne betydninga. Sosialisering er eit svært vidt omgrep, som skjer både eksplisitt og implisitt som ein prosess. Vi skil mellom dei uformelle sosialiseringssituasjonane, for eksempel familie og leik med venner på fritida, og den meir formelle sosialiseringa som skjer gjennom institusjonar som barnehage, skule og organisjonar (Østerberg, 2017. s. 94). Familie og skule er eksempel på eksplisitte, og jamaldrande og nærmiljøet er eksempel på implisitte sosialiseringssituasjonar (Østerberg, 2017. s. 94).

For å halde meg til problemstillinga, betraktar vi primærsosialisering som den aller fyrste sosialiseringa dei unge møter i barndommen. Primærsosialisering er det foreldre, søsken og andre nære personar, de signifikante andre, som dannar, og har kanskje den viktigaste rolla for sosialisering som rollemodellar for barn og unge. De signifikante andre er eit uttrykk som stammar frå Georg Herbert Mead, og referera til dei sosiale forholda som er viktigast i sosialiseringssituasjonen (Frønes, 1998. s. 43). Sekundærsosialisering er alle dei etterfølgande prosessane. Gjennom sekundærsosialisering bekreftast, utfyllast og vedlikehaldas primærsosialiseringa (Frønes, 1998). Primærsosialisering hevdast å vere meir gjennomtrengande og identitetsskapande enn seinare sosialisering, og viktigheita av den tidlege sosialiseringa har betydning for individets habitus.

Ettersom sosialiseringa kan hevdast å ha ei betydning for individets haldningar, verdiar og praksisar, kan det også være sentralt i forhold til idrettsdeltaking (Green, i Myklebust, 2012). I dag tilbringar barn og unge stadig meir tid på organiserte fritidsaktivitetar, organisert av vaksne. Dei kommersielle aktivitetsarenaene som leikeland, trampolineparkar og klatreparkar - som ofte kostar mykje å komme inn på - byrja å ta over for leikeplassar i nabolaget, dette kan vere sosialt ekskluderande. Den omfattande foreldreinvolveringa og sosialiseringsprosessane i organisert fritid er historisk sett eit nytt fenomen, og ser ut til å vere særleg utbreidd blant foreldre i middelklassen (Vogt, 2019).

### **3.3 Foreldrerolla og oppdragsstil**

Vi veit at foreldre er idrettens støttemannskap. Ungdomar og idrettslag er heilt avhengige av foreldres engasjement og innsats (Stefansen, Smette & Strandbu. 2016). I dette kapittelet skal eg ta føre meg sosiologane Lareau og Reay, som har gjort kvar si forskning på foreldras oppdragsstil og deira emosjonelle involvering til barna. Eg bruka Bourdieu inspirert teori om kapitalformar for å forstå ulikskap mellom klasse, og kva middelklasseforeldre kontra arbeidarklasseforeldre gjer for barn.

Den amerikanske sosiologen Anette Lareau er ei av dei mest etablerte bidragsytarane på feltet om klassespesifikk foreldreoppdragning. I hennar studie «Invisible inequality» (2002) samanlikna ho barnas oppvekst i middelklasse- og arbeidarklassefamiliar i Nord-Amerika. Lareau ser på kva som kjenneteiknar oppdragsstilane og sosialiseringsprosessane til desse familiane. Ho har plassert foreldra i ulike klassar i forhold til yrkesposisjon og utdanning. Dei med høgare utdanning og leiande stillingar er plassert som middelklassen, og dei med lav eller ingen utdanning og yrkesstilling er plassert som arbeidarklassen. Med omfattande intervju og feltarbeid med 12 amerikanske barnefamiliar, har hennar empiriske forskning blitt eit viktig bidrag innan nyare studie om klasse og foreldreskap. I undersøkinga finn Lareau eit mønster i middelklassefamiliar ho beskriv som «Conserted cultivation», omsett til intensiv foredling (Stefansen, 2007). Intensiv foredling vil seie at foreldra føler ei forpliking til å følgje opp barna med konstant overvaking og oppfølging, der lite overlatast til tilfeldigheita og det er lite rom for egne aktivitetar. I arbeidarklassen og fattige familiar, finn Lareau eit oppdragsmønster ho beskriv som «Accomplishment of natural growth», omsett til naturleg vekst (Stefansen, 2007). Naturleg vekst vil seie at foreldre ikkje ser det som si primære oppgåve å arbeide for



barna sin utvikling. Barna styrer si eiga utvikling, med mykje større rom for fri leik og utfolding, enn det er i intensiv foredling. Ferdigheiter og kvalitetar som middelklassebarn får i oppveksten er ulik frå arbeidarklassebarn, og det har stor betydning for framtida. Gjennom slike prosessar forsterkast forspranget middelklassebarn har på jamaldrande frå arbeidarklassa (Lareau, 2002).

Med dette i bakhand, har også den engelske sosiologen Diane Reay fokusert på tilsvarande. Ho studera 33 mødrer si emosjonelle involvering i barnas leksearbeid. Ho har også utvikla konseptet emosjonell kapital, som er ein vidareføring av arbeid med Bourdieu's konsept om kapital (Reay, 2000). Det er som oftast av mødrer ein arvar den emosjonelle kapitalen, då det er dei som tar det største ansvaret for sosiale relasjonar til barn. Den emosjonelle kapitalen er alle dei emosjonelle ressursane og følelsane ein får som barn gjennom prosessar av foreldreinvolvering (Reay, 2002). I idrettssamanheng kan dette dreie seg om motivasjon, tolmod og relasjonar til trenarar og jamaldrande. Arbeidarklassemødrene er meir oppteke av at barn har det bra her og no. I motsetnad har middelklassemødrene eit større fokus på barna sine framtidsutsikter, dei investera meir for å få ungene inn i «enriching activities», som vi kan omsette til berikelsesaktivitetar. Dette er aktivitetar som gir kunnskap i form av gode eigenskapar slik som sosiale læring, åtfærd, ansvar og det vi kan anse som hjelpemiddel på vegen mot ei god framtid (Vincent & Ball, 2007).

### **3.4 Jamalderfelleskap**

Zygmund Bauman beskriv det å være medlem i eit fellesskap som grunnleggande godt og ofte som det vi manglar (Bauman, 2003). Haldningar som respekt, rausheit, anerkjenning, aksept og følelse av trygghet er fundamentet i eit fellesskap. Utan desse haldningane er det lite rom for personleg vekst. Trygghet skapar trivsel, som igjen gjer barn komfortable i samvær med andre (Bauman, 2003). I eit fellesskap forstår vi kvarandre godt, vi kan feste lit til kvarandre og vi er i sikkerheit det meste av tida. Viss vi snublar og fell, vil andre i fellesskapet hjelpe oss opp på beina igjen (Bauman, 2003. s. 8). Dette kan vise til at læring har den beste grobotn innanfor trygge rammer. Barn og unge som deltar i idrettslag utviklar sosial kompetanse i eit godt fellesskap.

Eit interessant synspunkt er korleis dei egalitære idealene i denne type fellesskap balansera med idrettens hierarkiske og konkurranseorienterte karakter. Alle formar for etablering av fellesskap inneber både inklusjons- og eksklusjonsprosessar. Skaping av eit «vi» er også med på å skape eit bilde av «dei andre». Alle fellesskap krevje kompetanse og kunnskap om samværsforma, med uskrivne reglar og kodar. Dette er som oftast klasse- og kulturspesifikke og må lærast. Bordieu (2002) fortel om kulturell kapital, som består i å tileigna seg, og meistra, den dominerande kulturelle koden i samfunnet, som ein kan beherska i større eller mindre grad. Det kan til dømes tileignast i oppveksten, gjennom verdiar og haldningar familien har, slik Reay og Lareau viser til i deira forskning.

Ivar Frønes viser med sin teori betydninga av jamaldersosialisering blant barn og unge (Frønes, 1998). Frønes kritisera den ein-sidede fokuseringa på familiens betydning for individets personlege utvikling. Betydninga av relasjonar mellom jamaldrandre er undervurdert, fordi relasjonar mellom ungdom er vesentleg annleis enn relasjonar mellom unge og vaksne. Relasjonar mellom ungdom er basert på samhandling på ulike sosiale plan og er ei viktig læring for å meistra dagleglivets utfordringar. Gjennom vener kan dei unge få stadfesting på seg sjølv, som er viktig for dei unges oppleving av identitet og tilhøyre. For unge som har eit meir distansert forhold til foreldre og familie, kan relasjonar med jamaldrandre ha ei ekstra stor meining (Frønes, 1998). Idretten byggjer lokalsamfunn, og har kanskje blitt den viktigaste arenaen for jamaldersosialisering, med å høyre til i ein samanheng og skape eit lokalt tilhøyre. Med bakgrunn i dette, er det interessant å sjå om barn og unge arvar verdiane og interessa til sine foreldre, eller om det er påverknaden frå venner, som betyr mest for val ungdomen tar.

### **3.5 Integrering – Idrett som samfunnslim**

Noreg er blitt eit meir fleirkulturelt samfunn, på grunn av den moderne og pågåande innvandringa. Sosial integrasjon i samfunnet har vore eit sentralt tema i sosiologien heilt sidan Emile Durkheim si tid (1858-1917). «Hans tanke var at samholdet i befolkningen best ble sikret gjennom sterke institusjoner mellom individ og samfunnet som dermed bidro til integrasjon» (Lesjø, 2008, s. 169). Relatert til idretten bidreg det til deling av felles verdiar og normer, som er ein form for strukturell integrasjon. Ved å delta i idretten byggast nære vennsband, som er det vi kalla sosial integrasjon (Lesjø, 2008, s. 169). Idrett skal bidra til å integrere minoritetsungdom og ungdom som kjem frå ressursvake heimar (Meld. St. 26. 2011–2012). Med den høge prosentandelen av unge som har vore innom eit idrettslag, burde integrering vore høgt prioritert, på lik linje med skulen. Det er likevel fleire årsaker til at minoritetsungdom, spesielt jenter, deltar mindre i organisert idrett. Årsakene er ofte økonomiske grenser, kulturforskjellar og foreldreengasjement (Strandbu et al., 2017).

Idretten kan sjåast på som ein hegemonisk majoritetskultur, knytt til bestemte definisjonar av kva det vil si å være ung, norsk og moderne. NIF har monopol og einerett til å definere og forvalte organisert norsk idrett, og dermed ein viktig del av norsk kvardagskultur. Lokalsamfunna, med idrettslaget i sitt midte, blir dermed sett på som kanskje den viktigaste arenaen for sosialisering av unge borgarar. Bourdieu (2002) skriv at samfunnet er satt saman av ulike felt med ulike aktørar, som kjempar om dominans på desse felta. Feltet er involvert i hegemonikampar med andre felt (Bourdieu, 2002). Idretten er den suverent største fritidsorganisasjonen vi har i Noreg, og kan med det sjåast på som eit felt som har vunne terreng og dominera over andre felt.

### **3.6 Faktorar for fråfall**

Tidlegare norsk forskingsrapport (Reitlo, 2012) viser at ungdomens idrettsdeltaking både er påverka av eksterne faktorar som ligg utanfor idretten, og interne faktorar knytt til idrettens innhald. Dei interne faktorane som blir trekt fram er betydinga av ferdigheiter, konkurranseaspektet og forholdet deltakarane har til trenaren og venner. Dei eksterne faktorane som blir trekt fram er viktigheita av skule, skadar, foreldre og andre interesser. Dette illustrera at fråfall er ein kompleks prosess som er påverka av fleire faktorar, og ikkje berre eit resultat av skulens innhald. Eg skal kort gjere greie for økonomi og profesjonalisering, som er to faktorar relevant for problemstillinga.

### **3.6.1 Kostnadar og profesjonalisering**

Det kostar å drive med idrett, og det er godt dokumentert at ungdom i familiar med dårleg råd har avgrensa moglegheiter til å delta i fritidsaktivitetar. Det er stor variasjon i kostnadar mellom ulike idrettar, og det er store regionale forskjellar i byar kontra bygd (Idrettsforbundet, 2020). Det er totalt sett også dyrare å spele på ungdoms- enn barnelag, på grunn av dyrare medlemskap og utstyr (Idrettsforbundet, 2020).

Nøkkelen til å forstå ekskludering i idretten er tett bunde til den aukande profesjonaliseringa. Med profesjonalisering drives også kostnadane opp, og det krev meir av foreldra, spesielt i ungdomsidretten (Bakken, 2018). Den aukande profesjonaliseringa fører til at inngangen i feltet blir vanskelegare. I eit spørsmål om kva grad kostnadar utgjer ein barriere for deltaking, har Barstad og Sandvik (2015) estimert dette til å gjelde 2 % av barna i Noreg (Idrettsforbundet, 2020). Seinare i oppgåva skal eg diskutera betydinga av kostnadar og profesjonalisering i lys av problemstillinga.

### **3.6.2 Lokallag for aktivitet eller idrettsklubb**

I ei oppsummering av ulike studiar, viser det at ungdom utanfor idrettslag, ønskje ei tilrettelegging av idrettsaktiviteten, som er annleis en slik det er i tradisjonelle og prestasjonsorienterte idrettslag (Bergsgard, 2016, s. 79). Eit spørsmål er om idrettslag, med å sette til livs ein slik pedagogisk rolle som er etterspurt, lar dette gå på kostnad av det primære for idrettslaget, som er å drive konkurranseidrett. «Lagene har ofte ikke *organisasjonskapasiteten* eller ressursene – økonomiske og kompetansemessig – til å foreta nødvendige løft med tanke på å drive et godt pedagogisk tilbud. Dette bidrar til å opprettholde ein tradisjonell organisasjonskultur og – praksis» (Ødegård, Steen-Johnsen & Ravneberg i Bergsgard, 2016. s. 79). Dette dilemmaet kan handla om ulike syn og ulike klasseperspektiv på pedagogikk. I neste kapittel skal eg blant annet diskutera haldingar på sosialisering til idretten, frå barndomen til ungdomstida, ut i frå eit klasseperspektiv.

## **Kapittel 4 – Drøfting**

I dette kapittelet skal eg diskutera teorien meir utførleg, i lys av norske undersøkingar og empiriske studiar, som er relevant for å drøfte problemstillinga:

*«Korleis spelar foreldrerolla og sosialisering inn på ungdom si deltaking i organisert idrett i Noreg?»*

### **4.1 Foreldrerolla**

I dagens samfunn har det nesten blitt naturleg og nærast satt som eit krav at ein skal ha ungane sine med organisert fritid, slik som idrett. Organisert fritid fører med seg fleire viktige verdiar og godar, fyrst og fremst for barnet, men også for foreldra. Barne- og ungdomsidretten er organisert på måtar som krevje aktiv involvering frå foreldre, i form av dugnadsinnsats, stille opp som trenarar og lagledarar. Dei er også viktige for å bygge eit miljø rundt klubben, for eksempel å stille opp som heilagjeng. I tillegg har vi betaling av treningsavgift, kjøp av utstyr og diverse køyring, som er heilt nødvendig for barn og ungdoms idrettsdeltaking (Stefansen et al., 2016. s. 156).

#### **4.1.1 Betydinga av foreldre**

Stefansen, Smette og Strandbu (2016) har studert kva det er som motivera og engasjera foreldre i idretten, med utgangspunkt i kvalitative intervju med foreldre til 14 åringar. Foreldre i studiet til Stefansen et al. (2007) ser det som si oppgåva at ungdomen har ei aktiv ungdomstid og deltar i drett. Deira formar for involvering er å engasjere seg i idrettslaga og interessere seg for barnas trivsel og prestasjonar. Foreldra meina idretten forebygge mot inaktivitet og asosialitet, slik som å spele data. Ved å delta i idrett har dei heller ikkje tid til å finne på noko trøbbel. «Foreldre involvere seg for å sikre at barn kan hente ut de positive gevinstene av deres felles investering i idretten» (Stefansen et al., 2016. s. 164). Undersøkinga viser også til Vincent & Ball (2007) «Fun with a purpose», eller nærare sagt «Enriching activities» som det tidlegare i oppgåva er presentert som berikelsesaktivitetar eller utviklingsframkallande leik. Idretten er i tillegg ein arena for nærheit, det kan bli sett på som eit «relasjonsarbeid» mellom foreldre og barn. Ved å engasjere seg får foreldre eit sosialt og emosjonelt fellesskap med barna (Stefansen et al., s. 165). Denne norske undersøkinga støttar opp om at foreldre sin oppdragsstil spela ulikt inn på barna.

Ser ein på studie til forskarane Lareau og Reay, kopla opp mot idrettsdeltaking, ser vi at foreldra i middelklassen er meir aktive når det gjeld å dyrke fram barnas talent og organisere barnas deltaking i fritidsaktivitetar. Foreldre i arbeidarklassen og fattige familiar, styrer i mindre grad barna inn mot spesielle aktivitetar. Dette gir ulik utteljing i skule og andre formelle system slik som idrettslaga. Eit spørsmål eg ville svare på i oppgåva, er om dette er tilfelle i Noreg? Det kan tenkast at det truleg er tendensar til det. I Noreg har den største delen av arbeidarklassen generelt meir økonomisk kapital en arbeidarklassar i andre land. Laureu (2002) si beskriving av arbeidarklassen i hennas forskning, gjeld ikkje på same vis den dominerande arbeidarklassen i Noreg. Vår velferdsmodell sørger for mindre forskjellar mellom gruppene, en forskjellane i Nord-Amerika (Stefansen, 2007). På bakgrunn av dette kan vi argumentere for at klasseforskjellane her til lands er meir utjamna. Sjølv om det truleg er tendensar til same oppdragsstilen blant foreldre også her til lands. Eg vil tørre å påstå at det for mange barn og unge her i Noreg er eit utstyrshysteri. Eit jag om å ha det beste utstyret, der foreldre med god økonomisk kapital betala dyrt for å gi barna fordelar og dyrke dei inn mot spesielle aktivitetar.

## **4.2 Sosialisering og sosiale forskjellar**

Med bakgrunn i føre avsnitt og tidlegare teoretiske perspektiv, tas val om deltaking i organisert idrett sjeldan isolert. Val tas på bakgrunn av foreldre, søsken eller signifikante andre sin påverknad (Green, i Myklebust, 2012). Ettersom fleire undersøkingar viser at barn til foreldre med høgare utdanning og klasseposisjon gjer det betre i skulesamanheng (Bakken, i Strandbu & Øia, 2007), kan ein anta at dette også gjelder for idretten. Sosialisering til idrettsaktivitetar står truleg sterkare i ein middelklassekultur. Erfaringa ein får i oppveksten, med fysisk aktivitet og idrett, kan føre til at det blir ein naturleg del av kvardagslivet til individet også i framtida. Dette kan vise til Bourdieu sitt omgrep om habitus, med at det blir ein kroppsleggjort prosess, som barnet har med seg seinare i livet.

Fleire av dei norske undersøkingane (Seippel et al., 2016) viser at ein fysisk aktiv familie gir betre grunnlag for å drive med idrett, og at foreldre med høg sosial status og utdanning er dei med flest barn i idretten. Ein av forskingane som viser til denne samanhengen er Bakke og Solheim (2016) sin studie, der formålet var å få innblikk i korleis foreldre i fattige familiar opplevde si rolle og barnas moglegheiter til å delta i fysisk aktivitet. Undersøkinga er basert på kvalitative intervju gjort av to etnisk norske og seks ikkje-etnisk norske foreldre som informantar.

### 4.3 Betydinga av økonomisk, kulturell og sosial kapital

Foreldre er ikkje berre viktig for barnas sosialisering, dei spelar og ei viktig rolle for barnas moglegheiter til idrettsdeltaking, ved bruk av pengar, tid og energi. I forskingsrapporten til Bakke og Solheim (2016), viser studie at foreldre ofte strekker seg langt for å imøtekomme barnas aktivitetsmønster, men at økonomien setter grenser. I studie viser det seg i tillegg at utdanning, kulturell bakgrunn, samt sosiale nettverk, også har innverknad på foreldras handlemåte. Dette kan for det fyrste forklarast med at fattigdom har stor innverknad på livet til både barn og foreldre. Bakke og Solheim (2016) skriv at det å vere fattig kan føre til at ein føler seg sosialt underlegne, noko som vidare kan føre til at nettverk innsnevrast. Ein kan trekke seg unna å delta i samanhengar som kostar pengar, der det blir lite variasjon i kvardagen. Dette er interessant i forhold til Boudieu's (2002) teori om kapitalformane som er med på å gi fordelar og makt i eit samfunn. I boka til Aagre (2014, s. 36) skriv han om Bourdieu, der det står «I spill deles kortene ut etter tilfeldighetsmanøver. I det virkelige liv har noen spillere en klar tendens til å få de beste kortene hele tiden». Ein person sin plassering eller posisjon i det sosiale rom er bestemt av ulike kapitalformar. Det kan tenkast at ungdom er i ein alder der det er vanskeleg å opparbeide seg økonomisk eller kulturell kapital på eige hand. Dette kan vere med på å forklare Ungdata si undersøking, med at ungdomar med fattige foreldre er underrepresentert i idrettslaga (Bakken, 2018).

Visst vi går tilbake til forskinga til Reay (2000), ser ho emosjonelle ressursar som noko foreldra har meir eller mindre av, som dei investera til barna. Mødrer overfører i stor grad sine emosjonelle erfaringar frå skulen, anten positive eller negative, til sine barn. Dette kan vere interessant også i idrettssamanheng. Fysiske aktive foreldre har truleg gode emosjonelle erfaringar med idrett, og det kan tenkast at dette også vidareførast til barna. Den emosjonelle kapitalen ein får vidareført av mødrer, er for Bourdieu (2000) styrt av akkumuleringa av kulturell, sosial og økonomisk kapital til mødrer igjen, som ein reproduksjon. Dette gir ulike investeringar i relasjonar og kjenslemessig velvære. Som tidlegare nemnt i teorikapittelet er dette nært knytt til habitus, som er handlingar og veremåte ein har med seg frå sitt oppvekstmiljø, som også blir kalla den «sosiale arven». Vi kan tolka det som om arbeidarklasseforeldre formar sine barn til arbeidarklassebarn, og det same med middelklassen.

I Forskningsrapporten til Bakke og Solheim (2016) om fattige foreldre, viser også dei, i likskap med Ungdata 2018, klare forskjellar i deltaking mellom unge som vekse opp i fattige familiar og andre ungdomar. Den sosiale ulikheita kjem til uttrykk i ressursar familien råder over, og får konsekvens for kva barn har anledning til å delta på (Bakke & Solheim, 2016, s. 195). I undersøkinga finn dei at foreldre med innvandrarbakgrunn, som ikkje er sosialisert inn i den frivillige idrettsorganiseringa Noreg har, deltek mindre i slike samanhengar. Med dette kan det tenkast at det fører til eksklusjon frå dei sosiale fellesskapa idretten har. Det som nokon opplever som støttande og raust, kan for andre opplevast som ekskluderande og framand. I følge Bauman (2003) må dei kulturelle normene lærast, dersom ein ikkje kjenner til dei viktigaste av desse kodane og normene kan ein bli ekskludert eller utstøytt. I lag med Bourdieu vil dei som ikkje har kjennskap til kodane og symbola som er gyldige for idrettsfeltet, avsløre sin mangel på kulturell kapital i det norske idrettsfeltet (Aagre, 2014, s. 36).

Studie til Bakke og Solheim støtter for det fyrste Bourdieu (2002), med at økonomisk kapital ofte er inngangsbilletten til å tileigne seg andre kapitalformar. For det andre støtter det Lareau (2002), med at innvandrarforeldre som har bygd seg opp ein høgare sosial og kulturell kapital, og lært seg dei norske kodane, i større grad er aktive for å få barna inn i idrettsdeltaking, og dei med lav kulturell og sosial kapital foreheld seg meir passivt (Bakke & Solheim, s. 209). Dette viser forskjellar i kor kulturelt forankra familiar er til idrettens verdiar i Noreg. Dugnadsanda vi har i den norske kulturen, og bevisstgjeringa rundt idrettens frivilligheitsprinsipp, er ikkje like kjent for alle som ikkje har den same kulturelle kapitalen. Dermed er dei heller ikkje kjent med dei fordelane, verdiane og moglegheitene dugnad kan innebere for idrettsdeltaking, for å minske kostnader og bygge nettverk. Det å stille opp på dugnad krevjar kapasitet, i form av å stille opp, det er ein norm i idrettslaga. Det å stille opp kan vere krevjande for til dømes eineforsørgjarar.

Studie til Barstad og Sandvik (2015), i føre kapittel, viser at kostnader som barriere for fritidsaktivitetar er estimert til å gjelde 2 % av barna i Noreg (Idrettsforbundet, 2020). Det er altså norske barn som ikkje har moglegheita til å delta på fritidsaktivitetar. Forsking frå idrettsforbundet (2020) viser at det er stor forskjell på inntektsnivået mellom hushaldingar i Noreg, der særleg einslege med barn har lav medianinntekt. Det kan tenkast at fleire barn per hushald, og dess eldre barn, gjer det meir krevjande å betale for deltaking. I vertfall om idretten er kostbar, eller barnet ønsker å drive med fleire idrettar. Med dei ulike innfallsvinklane eg no har gjort greie for og diskutert, skal eg i neste avsnitt diskutere korleis økonomi er ein del av eit endå større problem i ungdomsåra; den aukande profesjonaliseringa.



## 4.4 Betydinga av profesjonalisering

Ein av dei kanskje viktigaste forklaringane på høgt fråfall, er den aukande profesjonaliseringa. Idretten skiftar karakter utover ungdomsåra, der ein går frå inkluderande leik til spissa konkurranse. I høve til problemstillinga, fører den aukande profesjonaliseringa til at det trengst større involvering frå foreldra. Det personlege utstyret er dyrare i ungdomsåra, og slik marknadsamfunnet og konkurranseidretten er blitt, er det eit jag om å ha det beste utstyret (Lunde, 2017). Det kan tenkast at ikkje alle har desse resursane og at det passar betre for middelklassen.

Med bakgrunn i visjonen til NIF, idretts glede for alle, skriv idrettsforbundet (2020) at vi må være oppmerksame på korleis økonomi og kultur kan ekskludere. I langtidsplanen deira for norsk idrett (2019-2023), er det å endre organisasjonskulturen til idrettslaga avgjerande for inkludering. Som nemnt er dette truleg ikkje så lett i praksis, med bakgrunn i ressursar og kompetanse for å drive ei pedagogisk rolle i idrettslaga. For det er vel ingen som ønske å satse på 17-åringar som ikkje prestera. Idretten bærer på denne dobbeltheiten med ein ytre og indre rasjonalitet. Den ytre er at idretten er meningsfull i kraft av seg sjølv, men samtidig blir utfordra av idrettens indre rasjonalitet med konkurranseelementet (Hjelseth i Seippel et al., 2016, s. 236). Dette viser til eit dilemma som kan handle om ulike syn og klasseperspektiv.

Idretten har likeins ein dobbeltheit med at den er egalitær og hierarkisk, slik også skulen og resten av det norske velferdssamfunnet er. Ser vi på teorien om det sosiale rom, der idretten er eit eige felt, seier Bourdieu (2002) at dei med makt har moglegheit til å bestemme over korleis ein ska drive idretten - noko som blir omtala som symbolsk makt (Aakvåg, 2008, s. 158). Det kan tenkast at dei som ikkje innehar dei same kapitalformane og dei medfødde evnene, blir utsett for symbolsk vald. Dette er interessant med tanke på om ungdomen forstår seg sjølv som talentlaus, i staden for å forstå sine egne resultat i lys av til dømes foreldreinvolvering, når det kjem til fråfall i idretten.

## 4.5 Betyding av ungdomstid og jamnalderssosialisering

Denne oppgåva handlar om sosialiseringssprossar, derfor er det relevant og også diskutere ungdomstida. Ungdomar går gjennom to viktige overgangar. Frå barne til ungdomskule og frå ungdomskule til vidaregåande skule. Det kan tenkast at skuleskifte kan ha ulike konsekvensar for den enkelte. Konsekvensane kan vere at etablerte sosiale relasjonar brytast opp, og det kan ha betydning for treningsfellesskapet. Det er tydeleg at barn og unge arvar verdiane og interessa til sine foreldre, men i ungdomsåra kan det tenkast at det er påverknaden frå venner som betyr mest. Ein mogleg forklaring kan vere at terskelen for å fortsette eller begynne i idrett blir for høg, dersom dei ikkje har andre venner på idrettslaget. Det kan ha ein tendens til dominoeffekt, visst ein sluttar så fyker resten» «fordi det opprinnelege laget frå barneidretten blei delt i to grupper i 13 års alderen» (Hjelseth i Seippel et al., 2016).

Det tyder på at foreldra blir mindre viktige som sosialiseringssagentar i løpet av ungdomsåra. Den sekundære sosialiseringa, då særskilt frå venner og jamnaldrande, kan ha større betydning for deltaking i ungdomsåra. Frønes (1998) skriv om betydninga av vener, der ein kan få stadfesting på seg sjølv, som er viktig for identitet og tilhøyre. Her kan det også diskutast om det skjer ein klassesifferensiering. Eit gammalt ordtak seier at like barn leiker best. Det kan tenkast at ein er med dei som har same klassebakgrunn og interesse som ein sjølv.

Ein anna mogleg forklaring på fråfall er skuleprestasjonar. Fleire vel truleg å slutte i løpet av åra på ungdomskulen eller vidaregåande, fordi skulen tar mykje tid. Med bakgrunn i at ungdomen i dag kalla generasjon prestasjon, er det eit konstant press om å levere på alle arenaer (bakken et al., 2019). Eit interessant synspunkt i forhold til denne prestasjonskulturen, er om det er ein klassesifferensiering der prestasjonskrava er ulike? Det kan tenkast at prestasjonskrava ligg nærare ein middelklassekultur, utan at å seie dette sikkert.

Frønes (1998) forklarar viktigheita av jamnaldrande der dei får stadfesting på seg sjølv, som er viktig for identitet og tilhøyre. Ungdomstida er ei tid beståande av endringar, det kan vere forståeleg at idretten kanskje ikkje er for alle etter ungdomsåra, og derfor søker ein kanskje etter andre sosialiseringssarenaer og fellesskap. Jamnalderssosialisering er i seg sjølv ei verdifull form for læring, men kan også slå negativt ut, alt ettersom kva venar det søkast stadfesting frå.

Vi kan her dra ein parallell til det Lareau (2002) fortel i si forsking, med at foreldre frå middelklassen er opptatt av å få barna inn i organisert fritid styrt av vaksne - i frykt for at barna skal hamne i feil miljø. Det er eit interessant forhold mellom primær - og jamnaldersosialisering, der enkelte foreldre truleg investera mykje i å legge til rette for at barn skal få dei riktige vennane. I Forskinga til Stefansen et al., (s. 170) om foreldreinvolvering, viser eit av hovudfunna at foreldra i større grad lar ungdomen bestemme kva dei vil gjere i ungdomsåra. Den intense foreldreinvolveringa når sin topp tidleg i ungdomstida, for deretter å fase ut. Dette kan, i lag med mange andre faktorar, vere med å forklara det store fråfallet i organisert idrett i ungdomsåra.

## Kapittel 5 – Avslutning

Det er ingen tvil om at foreldre og sosialiseringssprossar er avgjerande for deltaking i idrett. Sjølv om idretten i Noreg er såpass stor, der mange ulike personar driv med idrett, bør ikkje det bety at det skal påverka kven som kan delta i organisert idrett eller ikkje. Familien og signifikante andre er den viktigaste kjelda for sosialisering i tidleg alder, der habituser som vanedanning og haldningar blir forma. Foreldra sitt engasjement, til dømes det å vere rollemodell og å gi emosjonell støtte, er viktig faktorar. Dersom ein heil familie er aktiv, er det større sannsyn for at barnet også vil halde på desse vanane i vaksenlivet. Ein aktiv familie heng også delvis saman med god økonomisk kapital, som vidare gjer moglegheita for å delta i organisert idrett større.

God økonomi er ofte inngangsbilletten til andre kapitalformar, som kulturell og sosial kapital. Foreldre sin klassebakgrunn og deira ressursar er av stor betydning for barn og deira utvikling av kulturell kapital, som nedfell i deira habitus. Oppfølging, nærvær, og det pedagogiske arbeidet, som vi ser i middelklassen, inneber at barna tileignar ei rekke eigenskapar som kan kome godt med i utdanning og fritidsaktivitetar. Foreldra frå høgare klassesjikt, bygd på teoretisk perspektiv frå Reay og Lareau, er også flinkare til å få følgje opp å få barn inn i berikande aktivitetar, slik som organisert idrett. Med andre ord, grunnlaget som blir lagt i barndomen medverkar i om barn og unge deltar i fysisk aktivitet seinare i livet, noko som truleg også er gjeldande i Noreg.

I denne oppgåva har brukt forskning som viser at idretten har blitt meir profesjonalisert, det fører til auka kostnader og større grad av foreldreinvolvering. I ungdomsåra er det også naturleg at nokon finner andre sosialiseringssarenaer, som dei meiner er meir interessante. Jamaldrande kan tenkast å ha ei større betydning for val i ungdomsåra. Det som uansett er sikkert, er at sosialisering gir ulike moglegheita der klasse er av betydning. Dette kan vitje om ein sosial reproduksjon mellom foreldre og barn, som har betydning for korleis unge oppleve og meistra idrett.

I denne oppgåva har eg funne faktorar i høve til problemstillinga, som kan medverka til fråfall i idretten. Det er utruleg mange faktorar som spelar inn, og eg har belyst nokon av dei.

## **5.1 Forslag til vidare forskning**

Å skrive om dette var interessant, men det er meir eg gjerne kunne tenkt å sjå på. Spesielt dette med minoritetsungdom og kjønn, er to faktorar som gjerne skulle vore ein større del av oppgåva. Ei anna spennande problemstilling så dukka opp under skriveprosessen, er om oppdragsstil og berikelsesaktiviteta til foreldra i Noreg gir den same utteljinga, i skule og andre formelle system, som i andre land. Vi har òg skuggesider, med til dømes foreldreinvolvering opp mot spiseforstyrning, trakassering og kroppspress, som er viktige tema ein kan ta fatt på vidare.

## Litteraturliste

- Aagre, W. (2014). *Ungdomskunnskap: Hverdagslivets kulturelle former*. (2.utg). Bergen: Fagbokforlaget.
- Aakvaag, G. C. (2008). *Moderne sosiologisk teori*. Oslo. Abstrakt forlag.
- Bakken, A., Sletten, M. A., & Eriksen, I. M. (2018). Generasjon prestasjon?. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 18(2),45-75.
- Bakke, I. M., Solheim, L. J., & Hovden, J. (2016). Skulle ønske jeg kunne være med på turn, jeg!. *Om fattige foreldres utfordringer med å legge til rette for barnas fysiske aktivitet*. I Ø. Seippel, MK Sisjord, & Å. Strandbu (red.), *Ungdom og idrett*, 193-212.
- Bauman, Z. (2003). *Fællesskab*. (2.utg). København: Hans Reitzels Forlag.
- Berger, P. & Luckmann, T. (2015). *Den samfunnsskapede virkelighet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bergsgard, N. A. (2016). Ungdomsidretten som løsning på samfunnsmessige utfordringer. I Ø. Seippel, MK Sisjord, & Å. Strandbu (red.), *Ungdom og idrett*, 70-89.
- Bourdieu, P. (2002). *Distinksjonen*.(oversatt av Annick Prieur). Pax Forlag A/S, Oslo.
- Bourdieu, P., & Passeron J. C. (1977). *Foundations of a theory of symbolic violence. Reproduction in education society and culture*, 4-68.
- Bourdieu, P. (1993). *Youth is just a word. Sociology in question*, 94-102.
- Dalland, O. (2010). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Furlong, A. (2012). *Youth studies: An introduction*. Routledge.
- Hjelseth, A. (2016). *Frafall i ungdomsidretten—et overvurdert problem*. I Ø. Seippel, MK Sisjord, & Å. Strandbu (red.), *Ungdom og idrett*, 232-246.
- Lareau, A. (2002). *Invisible inequality: Social class and childrearing in black families and white families*. *American sociological review*, 747-776.

Lesjø, J. H. (2008). *Idrettsosiologi: Sportens ekspansjon i det modern samfunn*. Oslo: Abstrakt forlag AS.

Reay, D. (2000). *A useful extension of Bourdieu's conceptual framework?: emotional capital as a way of understanding mothers' involvement in their children's education?* 568-585.

Meld. St. nr. 26 (2011-2012). *Den norske idrettsmodellen*. Oslo: Kulturdepartementet.

Seippel, &., Sisjord, M., & Strandbu, &. (2016). *Ungdom og idrett*. Oslo: Cappelen Damm akademisk. 13- 247.

Seippel, Ø. N. (2005). Orker ikke, gidder ikke, passer ikke? Om frafallet i norsk idrett.

Stefansen, K., Smette, I., & Strandbu, Å. (2016). De må drive med noe»: Idrettens mening i ungdomstida, fra foreldres perspektiv. I Ø. Seippel, MK Sisjord, & Å. Strandbu (red.), *Ungdom og idrett, Ungdom og idrett*, 154-170.

Strandbu, &., Gulløy, E., Andersen, P., Seippel, &., & Dalen, H. (2017). Ungdom, idrett og klasse: Fortid, samtid og framtid. *Norsk Sosiologisk Tidsskrift [elektronisk Ressurs]*, 1(2), 132-151.

Strandbu, Å., Stefansen, K., & Smette, I. (2016). En plass i jevnalderfellesskapet. *Idrettens betydning i ungdomstida*. I Ø. Seippel, MK Sisjord, & Å. Strandbu (red.), *Ungdom og idrett*, 113-132.

Strandbu, Å., & Øia, T. (2007). *Ung i Norge: skole, fritid og ungdomskultur*. Cappelen Akademisk Forlag.

Vincent, C., & Ball, S. (2007). *'Making Up' the Middle-Class Child: Families, Activities and Class Disposition* (s. 1-20). Institute of Education, University of London.

Østerberg, D. (2017). *Sosiologiske nøkkelbegreper*. (7.Utg.) Latvia: Cappelen Damm.

### **Sjølvalt pensum:**

Bakke, I. M., Solheim, L. J., & Hovden, J. (2016). Skulle ønske jeg kunne være med på turn, jeg!. *Om fattige foreldres utfordringer med å legge til rette for barnas fysiske aktivitet*. I Ø. Seippel, MK Sisjord, & Å. Strandbu (red.), *Ungdom og idrett*, 193-212.

Bergsgard, N. A. (2016). Ungdomsidretten som løsning på samfunnsmessige utfordringer. I Ø. Seippel, MK Sisjord, & Å. Strandbu (red.), *Ungdom og idrett*, 70-89.

Hjelseth, A. (2016). *Frafall i ungdomsidretten—et overvurdert problem*. I Ø. Seippel, MK Sisjord, & Å. Strandbu (red.), *Ungdom og idrett*, 232-246.

Lesjø, J. H. (2008). *Idrettsosiologi: Sportens ekspansjon i det modern samfunn*. Oslo: Abstrakt forlag AS. 12-78.

Seippel, &., Sisjord, M., & Strandbu, &. (2016). *Ungdom og idrett*. Oslo: Cappelen Damm akademisk. 13- 247.

Seippel, Ø. (2005) *Orker ikke, gidder ikke, passer ikke? Om frafall i norsk idrett*. 12-23.

Stefansen, K., Smette, I., & Strandbu, Å. (2016). De må drive med noe»: Idrettens mening i ungdomstida, fra foreldres perspektiv. I Ø. Seippel, MK Sisjord, & Å. Strandbu (red.), *Ungdom og idrett*, *Ungdom og idrett*, 154-170.

Strandbu, &., Gulløy, E., Andersen, P., Seippel, &., & Dalen, H. (2017). Ungdom, idrett og klasse: Fortid, samtid og framtid. *Norsk Sosiologisk Tidsskrift [elektronisk Ressurs]*, 1(2), 132-151.

Strandbu, Å., Stefansen, K., & Smette, I. (2016). En plass i jevnalderfellesskapet. *Idrettens betydning i ungdomstida*. I Ø. Seippel, MK Sisjord, & Å. Strandbu (red.), *Ungdom og idrett*, 113-132.



## Nettside:

Bakken, A. (2018) *Ungdom og idrett i Noreg*. Henta 20.04.2020 frå: <https://www.hioa.no/ungdata/Nyheter/Ungdom-og-idrett-i-Norge>

Doksheim. M. (2019) *Hva er ulikhet?* (Cevita) Henta 18.04.2020 frå: <https://www.civita.no/politisk-ordbok/hva-er-ulikhet>

Fredheim, G. O. (2017) *Ny undersøkelse: Ungdom får bedre livskvalitet med organisert idrett*. Henta 03.05.2020 frå: <https://www.idrettsforbundet.no/nyheter/arkiv/ny-undersokelse-ungdom-far-bedre-livskvalitet-med-organisert-idrett/>

Frønes, I. (1998). *De likeverdige: om sosialisering og de jevnaldrendes betydning*. Universitetsforlaget. Henta 19.04.2020 frå: <https://www.nb.no/items/18972e4cee707d91695bf1732cb0ce29?page=1&searchText=fr%C3%B8nes%20de%20likeverdige>

Johansen, K. S. (2018). *Sosiologen: Inkluderende øyeblikk*. Henta 12.05.2020 frå: <https://sosiologen.no/omtale/inkluderende-oyeblikk/>

Idrettsforbundet (2019). *Idretten vil! Langtidsplan for norsk idrett 2019-2023* (Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité). Henta. 22.05.2020 frå: [https://www.idrettsforbundet.no/contentassets/8149372c5d4d439cb1b34fc1625032f0/idretten-vil-langtidsplan-for-norsk-idrett-2019-2023\\_lr.pdf](https://www.idrettsforbundet.no/contentassets/8149372c5d4d439cb1b34fc1625032f0/idretten-vil-langtidsplan-for-norsk-idrett-2019-2023_lr.pdf)

Idrettsforbundet (2020). *Økonomi som barriere for idrettsdeltakelse – kostnader og kostnadsdrivere i barne- og ungdomsidretten*. (Oslo Economics rapport 12/2020). Henta 04.05.2020frå: <https://www.idrettsforbundet.no/contentassets/3fe6730b22234aeaa0b30af830478e9a/2020-okonomi-som-barriere---kostnader-og-kostnadsdrivere-i-barne--og-ungdomsidretten-endelig-rapport-04.03..pdf>

Velferdsforskningsinstituttet NOVA (2018) *Idrettslag*. Henta 20.04.2020 frå: <http://www.ungdata.no/Organiserte-fritidsaktiviteter/Idrettslag>

Vogt, K. (2019). Barn og unges hverdagssteder i endring. *Nordic Journal of Comparative and International Education (NJCIE)*, 3(3), 8-23. Henta 12.05.2020 frå: <https://journals.hioa.no/index.php/nordiccie/article/view/3293/3335>

Myklebust, Ø. (2012). «Du blir vel sånn som de du er med» *Om betydningen av sosial klasse og sosialisering for elevers opplevelse og mestring i kroppsøving.* (Mastergradavhandling, Norges Idrettshøgskole) Henta 03.05.2020 frå: <https://nih.brage.unit.no/nih-xmlui/bitstream/handle/11250/171560/Myklebust%20v2012.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Stefansen, K. (2007). Familiens rolle i reproduksjonen av ulikhet. Kunnskapsbidrag fra kvalitative studier av foreldreskap. *Sosiologisk tidsskrift*, 15(03), 245-264. Henta 25.04.2020 frå: [https://www.idunn.no/st/2007/03/familiens\\_rolle\\_i\\_reproduksjonen\\_av\\_ulikhet\\_kunnskap\\_sbidrag\\_fra\\_kvalitative](https://www.idunn.no/st/2007/03/familiens_rolle_i_reproduksjonen_av_ulikhet_kunnskap_sbidrag_fra_kvalitative)

Reitlo, S. L. (2012) *Deltagelse og frafall i ungdomsidretten (NTNU – Samfunnsforskning AS)* Henta 20.04.2020 frå: <https://samforsk.no/Publikasjoner/Ferdig%20rapport%20-%20Deltagelse%20og%20fracfall%20i%20ungdomsidretten%20WEB.pdf>



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgåve i sosiologi

SO590 bacheloroppgåve

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	11-05-2020 09:00	<b>Termin:</b>	2020 VÅR
<b>Slutt dato:</b>	25-05-2020 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgåve i sosiologi	<b>Studiepoeng:</b>	15
<b>SIS-kode:</b>	203 SO590 2 O 2020 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	Roger Iuan Hestholm		

### Deltaker

<b>Naun:</b>	Malvin Gjerde
<b>Kandidatnr.:</b>	306
<b>HVL-id:</b>	246096@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

<b>Antall ord *:</b>	7913	
<b>Egenerklæring *:</b>	Ja	<b>Inneholder besvarelsen konfidensielt materiale?:</b> Nei
<b>Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:</b>	Ja	

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei